



Møteprotokoll

Utval	Kontrollutvalet
Møtestad	Brannstasjonen, Møterom Kvitanosi
Dato	27.04.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 12:45

Frammøtte	Parti
Solvor Dolve	Ap
Knut Opheim	INP
Kathrine Løno Lahlum	KU
Morten Gunnar Samskott	Sp
Eyvind Eidhammer	V

Protokollfører:
Richard Nesheim

Møtenotat

Andre som var tilstades i heile eller delar av møtet:

Frå Vestlandsrevisjon IKS:

Arne Gilbakken, forvaltningsrevisor,

Bjarte Urnes, ansvarleg rekneskapsrevisor

Frå administrasjonen:

Liv Myklebust, stabssjef for strategi og styring,

Nils Petter Bere, økonomileiar,

Mette G. Matthiessen, Stabssjef HR og innovasjon (deltok på teams),

Ingeborg H. Uppheim, kommunalsjef oppvekst,

Hans-Erik Ringkjøp, kommunalsjef teknisk

Leiar i kontrollutvalet Kathrine Løno Lahlum måtte reise frå møtet etter handsaminga av sak 13 og nestleiar Knut Opheim fungerte som leiar resten av møtet.

Kathrine Løno Lahlum
sign.
Leiar i kontrollutvalet

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-09/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-10/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-11/26	Kontrollutvalet si fråsegn til årsrapport og årsmelding for Voss herad 2025
PS-12/26	Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskap og årsmelding 2025 for Vossabadet og Voss Idrettshall KF
PS-13/26	Skriv og meldingar - saker til orientering
PS-14/26	Vurdering av tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

09/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 27.04.2026

Handsaming

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 09/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

10/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Kontrollutvalet 27.04.2026

Handsaming

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 10/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

11/26 Kontrollutvalet si fråsegn til årsrapport og årsmelding for Voss herad 2025

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsmeldinga og årsrekneskapen for 2025 for Voss herad slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt over til heradsstyret, med kopi til formannskapet.

Kontrollutvalet 27.04.2026

Handsaming

Sekretariatet orienterte kort om saksframstillinga.

Kontrollutvalet fekk stilla spørsmål til administrasjonen knytt til rekneskap og årsmelding

Revisor Bjarte Urnes, frå Vestlandsrevisjon IKS, gjekk gjennom ein presentasjon med ei oppsummering av revisjonen for 2025.

Presentasjonen som vart gjennomgått vert lagt ut på heradet sine heimesider på sida: [Presentasjonar i politiske utval for 2026](#).

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 11/26 Vedtak

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsmeldinga og årsrekneskapen for 2025 for Voss herad slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt over til heradsstyret, med kopi til formannskapet.

12/26 Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskap og årsmelding 2025 for Vossabadet og Voss Idrettshall KF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte framlegg til uttale om Vossabadet og Voss idrettshall KF sitt årsrekneskap og si årsmelding for 2025.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til heradsstyret med kopi til formannskapet.

Kontrollutvalet 27.04.2026

Handsaming

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 12/26 Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte framlegg til uttale om Vossabadet og Voss idrettshall KF sitt årsrekneskap og si årsmelding for 2025.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til heradsstyret med kopi til formannskapet.

13/26 Skriv og meldingar - saker til orientering

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

1. Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
2. Kontrollutvalet vil be om følgjande orienteringar til neste møte:

Kontrollutvalet 27.04.2026

Handsaming

Kontrollutvalet hadde til møtet bede administrasjonen om orienteringar om følgjande saker:

1. Mette G. Matthiessen, stabssjef HR og innovasjon, orienterte om status knytt til framdrifta på innkrevjing av uteståande sjukelønsrefusjon per 1.4.26. Vidare orienterte ho om nye rutinar i administrasjonen for oppfølging av sjukelønsskrav. Ho gjekk gjennom eit notat som vert lagt ut på heradet sine heimesider.
2. Ingeborg Hellesnes Uppheim, kommunalsjef for oppvekst, orienterte om status på oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til spesialpedagogisk hjelp. Uppheim gjekk og gjennom oppfølginga av tilsynet frå Statsforvaltaren. Det vart orientert om at ein har nye rutinar på plass og at avvika i tilsynet er lukka. Kommunalsjefen si vurdering er at endringane som har vore gjort siste åra, særleg i samband med tilsynet frå statsforvaltaren i høve spesialpedagogisk hjelp i barnehage, og individuelt tilrettelagt undervisning i skule, i stor grad svarar ut tilrådingane frå forvaltningsrevisjonen.
3. Hans-Erik Ringkjøp, kommunalsjef teknisk, orienterte om framdrifta knytt til arbeidet med status på kommunale eigedomar. Planen er at ein i løpet av året skal ha ferdig ein eigedomsoversikt over alle bygg med vurdering på tilstand og utviklingspotensiale. Vidare at ein skal ha ein heilskapleg plan for kva eigedomar som skal utviklast for framtida og kva ein ikkje treng. Samt ein plan for avhending av bygg som heradet ikkje nyttar og som det er lite sannsynleg at vil bli nytta i framtida.
4. Orienteringa om rapporten frå PwC knytt til organisasjonsgjennomgang med vidare vart utsett til neste møte, sidan rådmannen ikkje hadde høve til å møta.

Presentasjonane som vart gjennomgått vert lagt ut på heradet sine heimesider på sida: [Presentasjonar i politiske utval for 2026](#).

Kontrollutvalet drøfta kva orienteringar ein ønskjer frå administrasjonen til neste møte, og vart samde om dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 13/26 Vedtak

1. Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
2. Kontrollutvalet vil be om følgjande orienteringar til neste møte:
 - Orientering om hovudpunkta i rapporten frå PwC (organisasjonsgjennomgang m.v.)
 - Orientering om heradet si oppfølging av Statsforvaltaren sin rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap
 - Orientering om kvalitetsmeldinga for Vossaskulen, med fokus på korleis ein følgjer opp den negative utviklinga i tal elevar som har opplevd mobbing
3. Til det siste møtet i 2026 ønskjer kontrollutvalet å få ei orientering om korleis ein etterlever dei nye rutineane i oppvekstsektoren knytt til spesialpedagogisk hjelp.

14/26 Vurdering av tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS innan møtet i juni 2026 om å lage eit forslag til prosjektplan for prosjektet som er prioritert som nummer 9 i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet 27.04.2026

Handsaming

Kontrollutvalet drøfta tilrådinga frå sekretariatet.

Forvaltningsrevisor Arne Gilbakken la fram to forslag til problemstillingar for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til oppfølging av bygg og eigedom i Voss herad. I lys av den orienteringa som kontrollutvalet fekk tidlegare i møtet, under sak 13, vurderte kontrollutvalet at ein bør avvente ein forvaltningsrevisjon knytt til organisering, drift og forvaltning av kommunale bygg og eigedomar.

I samråd vart kontrollutvalet samde om følgjande framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS innan møtet i juni 2026 om å lage eit forslag til prosjektplan for ei kortare undersøking som vil sjå nærare på om ein har tilfredstillande rutinar for å sikre grunnlag for refusjon for kostnader knytt til ressurskrevjande brukarar. Kontrollutvalet legg til grunn at dette blir ei mindre undersøking, som oppfølging av forvaltningsrevisjonen som vart gjennomført i 2021.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KU - 14/26 Vedtak

Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS innan møtet i juni 2026 om å lage eit forslag til prosjektplan for ei kortare undersøking som vil sjå nærare på om ein har tilfredstillande rutinar for å sikre grunnlag for refusjon for kostnader knytt til ressurskrevjande brukarar. Kontrollutvalet legg til grunn at dette blir ei mindre undersøking, som oppfølging av forvaltningsrevisjonen som vart gjennomført i 2021.